

Viste nordgard

Av Knut Raastad, 2017



Nordgard Viste gnr. 83 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Viste er nemnd frå 1520 da som Viste, Wiiste i 1578, 1594, Wiste 1604, Wiisted 1668 og Widsted 1723.

Nordgard Viste er i jordebok 1577 og seinare nemnd som fullgard. Koppskatten 1645 nemner Anders Viste og hans hustru. Skattematrikkel 1647 nemner Viste som fullgard på 3 huder, brukar er Anders Wiste medan eigar er fogd i Søndervigen Madtz Pedersen.

I jordebok 1661 er det fortsett nemnd 3 huder. Brukar er Oluff Wisteed og eigar er Christen Mogen. Av manntalet 1666 går det fram at nordgard Viste er rekna som fullgard med skyld 4 huder og engeplass dertil 3 skinn. Engeplassen er Østenteigen i Vårdalen. Etter matrikkelen 1668 eigde oppsitjaren Oluff Viisted 1 hud medan Christen Mogensens barn eigde 3 huder. Ole Andersen Viste f.ca.1616 var gift med Kari Olsdotter, dei hadde sønnene:

Anders f.ca.1661 d.1742, neste brukar
Rolff f.ca.1664

Matrikkelen 1668 viser at nordgard Viste hadde vårseter i Slomba og sommarseter i Salia.

Skoskatten 1711 nemner Anders Olsen Viste og 4 barn. Anders Olsen Viste 1661-1742 var gift med Ragnhild Larsdotter nigard Kvarberg d.1707, dotter til Lars Jakobsen Kvarberg f.ca.1612 d.1697 og Eli Eriksdr. Blessum f.ca.1625 d.1696. Anders og Ragnhild hadde 3 barn:

Ole d.før 1739
Eli d.før 1739

Mari, neste brukar

Anders 1661-1742 var gift andre gong med Ingeborg Knutsdr. Ekle (Lom) f.ca.1676 d.1740, dotter til Knut Johannessen Ekle og Anne Jonsdr. Anders og Ingeborg hadde 4 barn:

Ingebjørg d.1745, g.m. Lars Trondsen Valbjør 1706-1788. På Valbjør.

Ragnhild f.1716/1718, g.1743.m. Gunder Trondsen Valbjør 1709-1758. På Sandnes og seinare Gaukstad i Lom

Rønnaug f.ca.1719

Ragnhild d.y. f.ca.1720 d.ca.1760, g.m. Siver Andersen nigard Viste f.ca.1697 d.1769. På nigard Viste.

Mari Andersdr. Viste var gift med Jon Svendsen d.1744/45. Jon Svendsen fekk skjøte frå svigerfaren Anders i 1729. Etter at Jon døydde vart Mari gift med Johannes Jonsen Einarsvoll 1699-1781, dei var barnlause. Mari og Jon hadde 1 barn:

Gunhild f.ca.1733 d.1814

Gunhild Jonsdr. Viste 1733-1814, gift 1752 med Hans Iversen Kvarberg n. Lye 1727-1776. Dei hadde 5 barn:

Iver 1757-1805, neste brukar

Mari f.1761, g.m. Knut Johannessen Lyen f.ca.1739 d.1825. På Lye

Anne f.1764, ugift i 1808

Jon f.1767, truleg død i 1812, ugift i 1808

Ola 1770-1808, gift 1802 m. Imbiør Iversdtr. Viste u. f.ca.1774 d.før 1859. På Lunde u.

Iver Hansen Viste 1757-1805, g.m. Ingrid Johannesdtr. Mo 1747-1818, dtr. til Aaste Jonsdtr. Mo f.ca.1711 d.1781 og Johannes Knutsen Storvik s. f.1716. Iver Hansen fekk skjøte frå mora i 1788. Iver og Ingrid hadde 4 barn:

Gunhild 1780-1877, g.m. Øystein Ivarsen syg. Valde 1785-1809, så med Johannes Syversen syg. Sandnes 1781-1873. På Sandnes.

Hans 1784-1784

Hans 1785-1812, fraus i hel på Slådalen

Johannes 1788-1858, neste brukar

Johannes Iversen Viste 1789-1858, gift med Gunhild Øisteinsdtr. Kvarberg u. 1797-1883, dtr. til Øistein Eriksen Kvarberg 1768-1834 og Imbiør Johannesdtr. Sunde 1770-1856. Johannes og Gunhild hadde 4 barn:

Ivar 1816-1872, neste brukar

Øistein 1819-1820

Ingeborg 1821-1900, g.m. Jakob Johannessen Sandbu n-n 1811-1873. På Sandbu n-n.

Ingrid 1826-1911, g.m. Thor Hansen Valde n. 1834-1916. På Valde og Valdvik.

Ivar Johannessen Viste 1816-1872 var gift med syskenbarnet Berit Eriksdtr. Garmo ø. 1831-1915, dotter til Erik Syversen Garmo 1802-1841 og Kari Øisteinsdtr. Kvarberg 1805-1899.

Ivar og Berit hadde 2 barn:

Gunhild 1852-1923, neste brukar

Kari 1860-1929, g.m. Ivar Johnsen Visdal n. 1855-1936. På Valde n.

Gunhild Ivarsdtr. Viste 1852-1923, var gift med Johannes Pålsen Mo 1860-1934, son til Pål Johannessen Mo 1824-1903 og Kari Pålsdtr. Tolstad 1828-1900. Johannes overtok med skjøte frå Beret Eriksdotter i 1905 for kr 4500,-. Gunhild og Johannes overtok også Mo, dei hadde 4 barn:

Ivar 1890-1972, neste brukar

Pål 1893-1981, g.m. Kari Andersdtr. Visdal n. 1893-1970. På Mo.

Kristian 1895-1978, ugift

Berit 1898-1978, ugift.

Ivar Johannessen Viste 1890-1972, gift med Mari Hansdtr. Raastad s. 1891-1963, dotter til Hans Andersen Raastad 1850-1925 og Mari Torsdtr. Kleppe s. 1855-1936. Ivar og Mari hadde 1 barn:

Gunhild f.1927, neste brukar

Gunhild Ivarsdtr. Viste f.1927, gift med Reidar Christiansen Grindvold f.1933 frå Sulheim i Bøverdalen. Dei hadde 3 barn:

Ivar f.1956, neste brukar

Ola 1958-2015

Mari f.1959

Ivar Viste f.1956, gift med Aashild Løkken, Skjåk f.1956. Dei har 2 barn:

Lars Erik f.1984

Bente f.1987

I 1668 vart det på nordgard Viste fødd 30 fe, det var 5 hestar og det vart sådd 10 tønner.

I 1865 var det på nordgard Viste 6 hestar, 44 kyr, 75 sauer, 25 geit og 7 gris. Det vart sådd 1 tønne rug, 12 tønner bygg, 1 tønne blandingskorn, 1/4 tønne erter og 9 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Kvarberg oppigard
Slechten på Kleppe

Slechten på Nigard Kvarberg, med Sygard Raastadrekken

Norsk Gardsbruk 1953-1997

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrift jordebøker m.m.